



Sjekkliste for eigenrevisjon



9 FJØRFE

© Matmerk
Versjon 2020.5

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Svar

Ja

Nei

Ikke
aktuelt

9.1 GENERELT



9.1.1 Fører du verpelister/daglister fortløpande per hus/avdeling?

Du skal føre verpelister, daglister, besøksjournal og anna registreringsverktøy for produksjonen fortløpande saman med andre noteringar du sjølv meiner er relevante. Du kan registrere dette elektronisk og/eller på papir.

Minstekravet til dokumentasjon er

- dato for innsett
- opphavet til dyra
- egg: rugeri og oppalar
- fjørfekjøtt og oppal av unghøner: rugeri
- talet på innsette dyr
- bruksareal
- yting
- egg: talet på egg totalt og talet på golvegg
- fjørfekjøtt og oppal av unghøner: vektutviklinga til dyra
- talet på daude dyr – om mogleg med dødsårsak
- talet på avliva dyr – med oppføring av avlivingsårsak (før opp sjukdom og/eller kva slags skade)
- fôrleverandør
- dato for levering av innkjøpt fôr
- fôrforbruk (eventuelt fôrkjøp dersom du ikkje har fôrvekt)
- vassforbruk
- fôring med andre fôrmiddel
- endring av lysdag og justering av lysstyrke
- logg over alle besøk
- hakking, fjørplukking og andre åtfærdsproblem
- egg: tidspunkt for etterfylling av strø, opning og lukking av sandbad i innreidde bur
- teknisk inspeksjon og funksjonstesting av ventilasjonsanlegg, alarmsystem og nødstraumsaggregat
- eventuell innsending av blodprøver eller daude dyr for obduksjon – ta vare på obduksjonsrapportar og prøvesvar
- veterinærbesøk, behandling og førebyggjande helsearbeid
- eventuell bruk av medisinar, vaksinar, vitamintilsetjing eller liknande
- dato for innsending av salmonellaprøver
- fjørfekjøtt: dato for innsending av *Campylobacter*-prøver
- dokumentasjon på kor mange dyr som er i flokken til kvar tid, til dømes ved delt utslakting

Dersom du bruker medisinar, skal du dokumentere datoen for behandling, type og mengde medisin og at tilbakehaldingsfristar er overhaldne.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav



9.1.2 Oppbevarer du verpelister/daglister og annan dokumentasjon for produksjonen i minst 5 år etter at innsetta er utslakta eller leverte?

Det er ein viktig del av kvalitetssystemet å kunne dokumentere at produksjonen har gått føre seg i samsvar med krava. Både offentlege styresmakter og forbrukarar skal kunne forsikre seg om at produksjonen har gått føre seg på rett måte.

God dokumentasjon og bruk av produksjonskontroll/effektivitetskontroll gjev deg dessutan desse fordelane:

- Du kan reagere raskt om det oppstår avvik.
- Du får høve til seinare å analysere deg tilbake til årsakene til eventuelle dårlege resultat.
- Du kan unngå å gjere den same feilen fleire gongar.
- Du står sterkare overfor leverandørar viss produksjonen sviktar.
- Du kan samanlikne resultat frå innsett til innsett.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.2 LUFT, LYS OG STRØ

9.2.1 Er det god nok ventilasjon, slik at det er eit tilfredsstillande klima i dyrerommet året rundt?

For høge gasskonsentrasjonar kan skade både menneske og dyr

Uheldige konsentrasjonar av gassar er skadeleg for både dyr og røktar. Høge konsentrasjonar av ammoniakk har vist seg å gje redusert tilvekst og auka fôrforbruk. Ammoniakk kan lamme eller øydeleggje flimmerhåra i luftvegane. Desse flimmerhåra er ein del av kroppen sitt forsvar mot støv, virus og bakteriar, så om dei blir øydelagde, gjev det auka fare for luftvegsinfeksjonar.

Høge konsentrasjonar av ammoniakk kan òg gje augeskadar. Ammoniakkutvikling i fuktig strø kan gje sviskadar på tråputer og bryst hos fuglane.

Kontroller gasskonsentrasjonen i dyrerommet. Innfør tiltak om nødvendig

I dyrerommet skal gasskonsentrasjonen i lufta berre unntaksvis overstige 25 ppm ammoniakk (NH₃) og 3000 ppm karbondioksid (CO₂). «Unntaksvis» vil her seie i spesielle situasjonar, til dømes når ein køyrer ut gjødsel eller på unormalt kalde dagar. Du kan få kjøpt enkelt måleutstyr. Rådgivarar har som regel slikt måleutstyr og kan hjelpe deg med målinga. Har du vedvarande problem med for høge gasskonsentrasjonar, bør du vurdere tiltak for å betre luftkvaliteten. Dette kan vere å setje inn tilleggsvarme, slik at du får ventilert meir, eller det kan vere å gjødsle ut oftare i system med gjødselband (innreidde bur og aviarium). I golvsystem med gjødselkasser bør du vurdere om det kan vere mogleg å gjødsle ut i løpet av innsettet.

Syt for at ventilasjonsanlegget har nok kapasitet

Ventilasjonsanlegget skal ha ein kapasitet på minst 4 m³ per kg levandevekt per time til slaktekylling og minst 3,4 m³ per kg levandevekt per time til kalkun.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.2.2 Er det mogleg å justere lysstyrken i dyrerommet?

Dyra og åtferda deira blir påverka av lys. Dersom fjørfeet ditt viser åtferdsproblem som fjørplukking, hakking, uro eller hysteri, er det viktig å kunne dimme lyset for å minske problemet. Lyset må kunne dimmast ned til eit minimum (1–2 lux).

Dyra må ha ein lang nok mørkeperiode i løpet av døgnet for at dei skal få nok kvile, og for at dei biologiske prosessane skal kunne fungere normalt (sjå også punkt 9.3.5). Du må sikre at lyset er jamt fordelt i fjørferommet.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.2.3 Blir strø og anna som skal inn i huset, lagra, transportert og lagt inn på ein slik måte at ein ikkje dreg med smitte?

Alt som kjem inn i huset, kan dra med seg smittestoff. Du må difor tenkje på smittehygiene i samband med alt som skal inn i huset. Dette gjeld også materialar for syssetjing og betre miljø for besetninga.

Du må difor lagre og handtere strøet på ein måte som minskar denne risikoen for smitte så mykje som mogleg. Du må bruke friskt, tørt og myglfritt strømateriale. Kutterflis skal vere frå ubehandla materialar.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.2.4 Har du rutinar for å halde strøet tørt og laust?

Strø er definert i *forskrift om hold av høns og kalkun* (§ 3) som «løst materiale, for eksempel sand, grus, flis, halm og torv, som er egnet til at dyra kan tilfredsstille åtferdsmessige behov som hakking, skraping og sandbading».

Å halde strøet tørt og laust er mellom anna viktig for å bevare sunne tråputer og for at dyra skal ha noko å syssetje seg med framfor å hakke på kvarandre. For verpehøner er tørt strø også viktig for eggkvaliteten, fordi egga lett kan bli skitne når hønene går med våte og skitne bein inn i reira. Blandar du til dømes litt nytt strø eller heilt korn i strøet, bidreg du til at dyra vil hakke og skrape meir, noko som er gunstig for strøkvaliteten. Om du får problem, kan du sjølv arbeide med strøet med ei rive eller liknande. Du må gjere ditt beste for å halde strøet tørt og laust over heile arealet gjennom heile innsettet.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------



9.2.5 Dokumenterer du daglengda og lysstyrken i lysprogrammet, og endringar i dette?

Du må tilpasse lyset til den naturlege døgnrytmen til dyra. Etter dei første dagane med tilvenjing for dyra skal lysprogrammet følgje ein 24 timars syklus og omfatte ein ubroten mørkeperiode på minst 8 timar. Slaktekylling skal ha ein ubroten mørkeperiode på minst 6 timar, eller 2 ubrotne mørkeperiodar som kvar skal vere på minst 4 timar. Føresegnene om mørkeperiode kan berre fråvikast når det er nødvendig av omsyn til dyrevern.

Du må dokumentere korleis du bruker lysprogrammet, til dømes med daglengd og lysstyrke.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Lov om dyrevelferd	Lovkrav

9.3 SMITTEVERN

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



9.3.1 Har du ein skriftleg smittevernplan for dyrehaldet ditt?

Som dyrehaldar pliktar du å ha rutinar for smittevern nedskrivne i ein smittevernplan. Planen skal innehalde ei planteikning over dyre- og persontrafikken på garden, han skal vere tilpassa dyrehaldet ditt, og han skal femne om heile driftsopplegget.

Smittevernplanen skal mellom anna skildre korleis

- ein tek dyr inn og ut av dyrehaldet, inkludert til og frå beite
- ein sikrar god dyrehelse ved kjøp av livdyr, inkludert høve til å stalle opp dyra separat
- ein leverer mjølk og egg
- ein hindrar mogleg smitte frå eiga og innleigd arbeidskraft
- persontrafikken inn og ut av dyrehaldet går føre seg, med særlege krav til veterinærer og andre som er knytte til eller i mogleg kontakt med andre dyrehald
- kadaver, gjødsel og avfall blir handtert og henta
- ein sikrar fôrhygiene, vatningsanlegg, strø, reiskap og utstyr
- ein får tilgang på desinfeksjonsmiddel
- ein kan redusere risikoen for å spreie smitte ved krysstrafikk mellom dyr, menneske og køyretøy

Du skal sikre at alle som arbeider i dyrehaldet, kjenner og følgjer smittevernplanen. Planen skal oppdaterast kvart år og leggjast fram når Mattilsynet ber om det.

På **ksl.no** kan du finne døme og hjelpemateriell for å lage din eigen smittevernplan.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
KSL - Husdyr, smittevernplan	Bransjekrav

9.3.2 Følgjer du «alt inn / alt ut»-prinsippet?

«Alt inn / alt ut»-prinsippet inneber at ein tømmer, gjer reint og desinfiserer huset før ein set inn nye dyr. Dette gjer ein for å unngå å smitte unge dyr med smittestoff frå eldre dyr. Ved å praktisere «alt inn / alt ut»-prinsippet bryt ein smittesyklusar og hindrar at smittestoff får bygd seg opp. Dersom ein har fleire fjørfehus tett inntil kvarandre, bør ein ta sikte på å setje inn dyr i desse på same tid.

§ Krav

Smittebeskyttelse i fjørfeproduksjon fra Animalia	Bransjekrav
---	-------------

9.3.3 Har du rutinar for å hindre at smitte blir overført mellom ulike fjørfeproduksjonar og mellom fjørfe med ulik alder?

Du må ha gode rutinar og kontroll over produksjonen viss du driv med ulike fjørfeproduksjonar eller har fjørfe med ulik alder på same tid.

§ Krav

Smittebeskyttelse i fjørfeproduksjon fra Animalia	Bransjekrav
---	-------------

9.3.4 Har du ei smittesluse med fysisk skilje mellom sonene som er tett til golv, og som er innretta slik at alle skiftar klede og sko, og vaskar/desinfiserer hender når dei passerer slusa?

For å førebyggje smitte må du ha ei smittesluse for dei som skal inn i fjøset. Smitteslusa skal vere delt med eit fysisk skilje, minst 40 cm høgt som er tett til golvet. I denne slusa skal folk, kvar gong dei passerer, reingjere hendene og utstyr dei har med, og skifte fottøy og klede eller ta på overtrekksklede. Viss det er nødvendig, skal både personar og utstyr desinfiserast, til dømes utstyr som blir nytta i fleire besetningar, slik som vekt, skannar, m.m.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

		Svar
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.3.5 Sikrar du at personar som har besøkt dyrehald med fjørfe i utlandet, ikkje får tilgang til husdyrrom før det har gått minst 48 timar?

Personar som har besøkt dyrehald med fjørfe i utlandet, skal ikkje ha tilgang til husdyrrom før det har gått 48 timar. Dersom det bryt ut husdyrsjukdom i utlandet, må ein rette seg etter dei regelendingane som følgjer av dette.

I mange land er det fjørfesjukdommar som vi ikkje ønskjer å få inn i Noreg. Du må difor vere særleg påpasseleg når det gjeld personar som nyleg har vore i utlandet. Dette gjeld turistar og utanlandsk sesonghjelp så vel som folk som høyrer til på garden.

På animalia.no kan du lese meir om korleis du kan førebyggje smitte etter reise.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Forebygg smittespredning etter reise	Lovkrav

9.3.6 Varslar du veterinær viss du mistenkjer smittsame dyresjukdommar?

Dyrehelsepersonell, dyreeigarar og publikum spelar ei viktig rolle i overvakinga av alvorlege smittsame dyresjukdommar. Alle som avdekkjer eller mistenkjer at det har brote ut alvorlege smittsame sjukdommar hos dyr (A- eller B-sjukdommar), skal varsle Mattilsynet snarast på telefon 22 40 00 00.

Kva for dyresjukdommar som blir rekna som A-, B- og C-sjukdommar, står i *forskrift om sjukdom hos dyr*.

Varsle og set i verk tiltak

Som hovudregel skal du difor varsle Mattilsynet, veterinær og varemottakarar med ein gong dersom du mistenkjer at det har brote ut ein smittsam dyresjukdom som kan gje vesentlege konsekvensar for samfunnet (til dømes fugleinfluenza eller Newcastle disease).

I samråd med Mattilsynet og aktuelle varemottakarar skal du utan opphald setje i verk nødvendige tiltak for å førebyggje, redusere eller eliminere eventuelle skadeverknader.

Kontakt helseovervakingsveterinæren din dersom du er i tvil om det er ein sjukdom som skal varslast.

På mattilsynet.no finn du fleire opplysningar om dyresjukdommar og råd for å unngå spreiding av smitte.

§ Krav

Forskrift om sjukdom hos dyr	Lovkrav
------------------------------	---------



9.3.7 Fører du ein besøkslogg over alle som har vore på besøk i dyrerommet?

Du må som eit minimum føre logg over besøkjande som passerer hygieneslusa, men helst bør du føre logg over alle besøkjande (også dei som berre oppheld seg i urein sone). Du kan føre besøksloggen i ei eiga bok eller ved å notere i verpelister/daglister. Du kan òg føre dette elektronisk. Besøksloggen gjev oversikt over kven som har vore i fjørfehuset, og når dei har vore der. Dette gjer det lettare å spore smitta dersom det bryt ut sjukdom.

9.3.8 Følgjer du kravet om at det ikkje skal vere pryd- og hobbyfjørfe på gardsbruk med fjørfeproduksjon?

I hobby- og prydfjørfemiljøet kan det finnast smittestoff som vil få store følgjer i kommersiell fjørfeproduksjon dersom smitta kjem inn. Det er difor viktig at produksjonsfjørfeane dine ikkje kjem i kontakt med desse miljøa.

§ Krav

Smittebeskyttelse i fjørfeproduksjon fra Animalia	Bransjekrav
---	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.3.9 Sikrar du at andre dyr, til dømes hundar og kattar, ikkje slepp inn i fjørfehuset?

Hundar, kattar og andre dyr kan vere berarar av smittestoff.

9.3.10 Er anlegget sikra mot at rovdyr, smågnagarar og fuglar kan trengje seg inn?

Rovdyr, smågnagarar og fuglar kan overføre smitte til fjøreflokken. Fuglar og smågnagarar blir tiltrekte av fôrrestar, og smågnagarane trivst i tillegg godt der dei kan finne skjul.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav

9.3.11 Oppbevarer du fôret utilgjengeleg for smågnagarar og fuglar?

Smågnagarar og fuglar kan overføre smitte til fjøreflokken. Fuglar og smågnagarar blir tiltrekte av fôrrestar, og smågnagarane trivst i tillegg godt der dei kan finne skjul.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.3.12 Er det minst 2 meter vegetasjonsfri sone eller kortklipt plen rundt fjørfehuset?

Viss du har ei vegetasjonsfri sone eller ein kortklipt plen rundt huset, blir området mindre attraktivt for skadedyr. Av same grunn er det viktig å halde det reint og ryddig i og rundt huset og å syte for at anlegget er sikra mot inntrenging av skadedyr.

9.3.13 Er det ryddig rundt fjørfehus og i eggpakkerom, egglager og andre birom?

Viss du har det reint og ryddig i og rundt huset, blir området mindre attraktivt for skadedyr.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.3.14 Blir hus, innreiing og utstyr reingjort, vaska og desinfisert mellom kvart innsett?

Dersom du held høns og/eller kalkun, er du pålagd å reingjere og desinfisere fjørfehuset mellom kvart innsett.

Ved å reingjere og desinfisere mellom innsetta bidreg du til god helse i den norske fjørefopulasjonen ved at du «nullstiller» huset og hindrar at smittestoff får byggje seg opp. Når du gjer reint, får du fjerna både smittestoffa og næringsgrunnlaget for dei. For at desinfeksjonsmidla skal ha nokon effekt, må dyrerom, sluse, fôrrom, utstyr og innreiing først gjennom ei grundig grovreingjering, blautgjerung og vask/etterskylling. Du må følgje bruksrettleiinga for desinfeksjonsmidla (konsentrasjon på bruksløyseringa, kor lang tid ho skal verke og temperatur).

Etter at huset er reingjort og desinfisert, skal det tørke opp før nytt innsett. Tomtida (det vil seie tida frå du desinfiserer, og fram til neste innsett) bør vere minst sju dagar. Dette bidreg til at det blir endå mindre smittestoff att, ettersom dei ikkje har tilgang til næring, eller ettersom dei blir øydelagde som følgje av av påverknad av lys, tørke og andre tilhøve.

Rettleiinga for reingjering og desinfeksjon i fjørfehus finn du på animalia.no.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Rengjering og desinfeksjon i fjørfehus	Bransjekrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



9.3.15 Når du bruker desinfeksjonsmiddel, noterer du kva for eit middel du har brukt, og datoen for når du har brukt det?

Når du bruker desinfeksjonsmiddel, skal du dokumentere kva for eit middel som er brukt, og datoen då det blei brukt.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.4 INNSETTING AV DAGGAMLE KYLLINGAR ELLER UNGHØNER

9.4.1 Stamma dyrematerialet frå ein importør som følgjer fjørfenæringa sine tilleggskrav ved import?

Daggamle kyllingar og unghøner skal vere kjøpte frå ein sertifisert leverandør. Gjennom Kontrollutvalg Import Fjørfe (KIF) stiller norsk fjørfenæring tilleggskrav til dei som importerer dyremateriale. Føremålet med denne frivillige importkontrollen er å etablere eit forpliktande samarbeid mellom aktørane i fjørfenæringa som kan førebyggje at uønskte smittestoff og sjukdommar kjem til Noreg gjennom import av levande fjørfe.

Sjå animalia.no for meir informasjon.

§ Krav

KIFs sjekklister før import av fjørfe	Bransjekrav
Regelverk som angår import av fjørfe og rugeegg	Lovkrav
Forskrift om samhandel, fjørfe og rugeegg	Lovkrav

9.4.2 Er det rutinar på garden som hindrar at smitte blir overført når kylling og unghøner blir leverte?

For å hindre at det blir overført smitte mellom produsentar eller frå produsent til rugeri/oppalar, er det viktig at personell frå transportbilen ikkje går inn i fjørfehuset når dei leverer kyllingane eller unghønene. I tillegg bør ein desinfisere rampa rett før dyra kjem.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

	Svar		
	Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.4.3 Kontrollerer du at talet på dyr per m² (høner, livkylling) eller dyra si levandevekt i kg per m² (slaktekylling, kalkun) held seg innanfor kravet i forskrifta?

Slaktekylling:

Det er viktig å følge med på kva som er den reelle dyretettleiken i flokken (kg levandevekt per m²), og å samanlikne denne med den lovlege dyretettleiken i huset, slik at du kan setje i verk nødvendige tiltak dersom du står i fare for å bryte grensa for lovleg tettleik. Du må følge «Dyrevelferdsprogram slaktekylling» dersom du skal produsere over 25 kg levandevekt per m².

Slatekalkun:

For kalkun til kjøttproduksjon skal dyretettleiken ikkje overstige 38 kg levandevekt per m² når dyra si gjennomsnittlege levandevekt ligg under 7 kg. Når den gjennomsnittlege levandevakta ligg over 7 kg, skal dyretettleiken ikkje overstige 44 kg levandevekt per m².

Verpehøner:

I innreidde bur skal det vere minst 850 cm² burareal per dyr, og minst 675 cm² av dette skal vere bruksareal. I lausdrift (frittgåande) skal det vere maksimalt 9 dyr per m² bruksareal.

Avlsdyr i lausdrift:

For avlsdyr av verperase gjeld dei same krava som for verpehøner i lausdrift. For avlsdyr av slakterase skal dyretettleiken ikkje overstige 7 dyr per m².

Avlsdyr i bur:

For avlsdyr av verperase og slakterase gjeld dei same krava som for verpehøns i innreidde bur. For avlsdyr av slakterase skal dyretettleiken ikkje overstige 6 dyr per m².

Avlskalkun:

Ved oppdrett av kalkunar som skal nyttast som avlsdyr, skal dyretettleiken ikkje overstige 4 høner per m² og ikkje overstige 2 hanar per m².

Livkylling i bur:

Dyretettleiken skal ikkje overstige 28 dyr per m² etter 5 vekers alder og ikkje overstige 15 dyr per m² etter 17 vekers alder.

Livkylling i fleiretasjesystem:

Dyretettleiken skal ikkje overstige 24 dyr per m² bruksareal etter 5 vekers alder og fram til 16 vekers alder. Ved oppdrett etter 16 vekers alder skal dyretettleiken ikkje overstige 22 dyr per m² bruksareal.

Livkylling i lausdrift:

Dyretettleiken skal ikkje overstige 15 dyr per m² etter 12 vekers alder og skal ikkje overstige 12 dyr per m² etter 17 vekers alder. Det er lov å fråvike dette i perioden når kyllingane ven seg til verpehuset.

Bruksarealet er flatearealet som er tilgjengeleg for dyra. Reirarealet inngår ikkje i bruksarealet.

§ Krav

Forskrift om høns og kalkun	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.4.4 Fører du journal når du kjøper, sel, tek imot eller gjev bort fjørfe eller rugeegg?

Når du kjøper, sel, tek imot eller gjev bort fjørfe eller rugeegg, skal du føre ein journal som viser

- namn og adresser til sendarar og mottakarar
- kor mange dyr eller rugeegg som blei flytta, og når dei blei flytta

Viss du er eggprodusent, er det nok med deklarasjon for unghønene. Du skal oppbevare opplysningane i minst to år og leggje dei fram når Mattilsynet ber om det.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.5 FÔR OG VATN

9.5.1 Har du rutinar for å kontrollere at fôr- og vasstilførsel fungerer?

Når du registrerer fôr- og vassforbruk, kan du raskt oppdage om det er noko gale, og setje inn tiltak. Det er særleg viktig å lese av vassmålaren og eventuelt fôrvekta dagleg. Du må likevel ikkje stole blindt på måleinstrumenta, men også kontrollere at dyra verkeleg får vatn og fôr i alle nippelrekkjer/drikkekar og fôrrenner/skåler.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.5.2 Tek du vare på fôrprøver og varedeklarasjon/fôrsetel for innkjøpt kraftfôr?

Du skal oppbevare ei fôrprøve på om lag 0,5 kg frå kvar fôrleveranse. Fôrprøver med vedlegg skal oppbevarast hos fjørfeprodusenten så lenge dei kan ha noko å seie for produksjonsresultat og produktkvalitet. Oppbevar fôrprøvene tørt og kjøleg.

9.5.3 Registrerer du vassforbruket dagleg?

Når du registrerer fôr- og vassforbruk, kan du raskt oppdage om det er noko gale, og setje inn tiltak. Det er særleg viktig å lese av vassmålaren og eventuelt fôrvekta dagleg. Du må likevel ikkje stole blindt på måleinstrumenta, men også kontrollere at dyra verkeleg får vatn og fôr i alle nippelrekkjer/drikkekar og fôrrenner/skåler.

9.5.4 Held vatnet drikkevasskvalitet?

Vatn kan bere med seg smittestoff. Offentleg kontrollerte vassverk har rutinar for å overvake dette. Dersom vatnet kjem frå di eiga private vasskjelde, må du ta vassprøve for analyse kvar haust i tidsrommet august–november. Vassprøva skal analyserast for kimalt ved 22 °C, koliforme bakteriar og *E. coli*-bakteriar.

Ver på vakt mot *Campylobacter*-smitte

Campylobacter er ein bakterie som kan gje sjukdom hos menneske. Handtering av rå kylling og dårleg varmebehandling er ei viktig kjelde til smitte blant folk. Ein bør difor unngå å få *Campylobacter*-smitte inn i fjørfehuset. Kyllingar som får vatn frå private vasskjelder, har større risiko for å bli smitta med *Campylobacter* enn andre kyllingar. Sjølv på gardar med anlegg for UV-desinfeksjon av vatnet er det funne *Campylobacter* i vatnet. Eit UV-desinfeksjonsapparat skal ha kontinuerleg oppfølging og ettersyn, og då er det mellom anna viktig å vaske av kvartsglas og skifte ut UV-lampar.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Drikkevannshygiene i fjørfehus	Bransjekrav

9.6 HELSE OG SJUKDOM

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.6.1 Har dyra tilsyn minimum to gongar om dagen?

Ein skal sjå til dyra minst to gongar dagleg og oftare når det er nødvendig. I tilsynet må ein leggje særleg vekt på å oppdage teikn på dårleg velferd eller helse hos dyra. Automatisk overvåkingsutstyr skal ikkje erstatte tilsyn gjort av personell som er fysisk til stades hos dyra.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.6.2 Er det rutinar på garden for å oppdage og avlive ulækjeleg sjuke eller sterkt svekte dyr?

Dersom du har ulækjeleg sjuke eller skadde dyr, skal dei avlivast straks for at dei skal slippe å li. Daude dyr skal fjernast frå dyrerommet dagleg. Ein skal dagleg kontrollere om det finst daude dyr i reira. Dette er viktig for dyrevelferd, smittehygiene og produksjonsetikk.

Les meir om avliving av fjørfe ved sjukdom og skade på animalia.no.

Dersom du driv oppal av unghøner og rugeeggproduksjon, er du pålagt å gje Mattilsynet opplysningar om alle endringar i produksjonsresultatet og alle andre teikn som kan gje mistanke om smittsam fjørfesjukdom. Dersom det er mistanke om sjukdom, skal Mattilsynet ta nødvendige prøver for å stille eller stadfeste diagnosen.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Avliving av fjørfe	Lovkrav
Forskrift om sertifisering av fjørfevirksomheter	Lovkrav

9.6.3 Blir eventuelle daude dyr fjerna snarast mogleg og minst dagleg frå dyrerommet?

Daude dyr skal fjernast frå dyrerommet dagleg. Ein skal dagleg kontrollere om det finst daude dyr i reira. Dette er viktig for dyrevelferd, smittehygiene og produksjonsetikk.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.6.4 Blir daude dyr fryste ned og oppbevarte mellombels på ein høveleg stad, isolert frå dyrerom og egglager?

Daude dyr skal du oppbevare mellombels nedkjølte eller frosne på ein eigna stad isolert frå dyrerom og egglager. Det er etablert ordningar for å samle inn fjørfekadaver. Når du leverer fjørfekadaver, må dyra vere fryste ned. Kontakt eggpakkeri/slakteri for å få ei oversikt over kven du kan kontakte i ditt område.

9.6.5 Blir kadaver leverte til godkjent mottak eller brente i godkjent forbrenningsanlegg?

Daude dyr skal du oppbevare mellombels nedkjølte eller frosne på ein eigna stad isolert frå dyrerom og egglager. Det er etablert ordningar for å samle inn fjørfekadaver. Når du leverer fjørfekadaver, må dyra vere fryste ned. Kontakt eggpakkeri/slakteri for å få ei oversikt over kven du kan kontakte i ditt område. Viss du bruker forbrenningsomnar til å handtere dyrekadaver, må du ha godkjenning frå Mattilsynet. Det er i utgangspunktet ikkje tillate å grave ned kadaver. Mattilsynet kan likevel i særskilte tilfelle tillate at ein grev ned kadaver. Mattilsynet skal i slike tilfelle fortelje korleis ein skal gjere dette.

§ Krav

Animaliebiproduktforskriften	Lovkrav
------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.6.6 Følgjer du «KSL-medisinstandard»?

KSL-medisinstandarden, som blei innført i 2010, er ein del av KSL-standarden for husdyrproduksjonane. Medisinstandarden definerer krava som kvalitetssystemet (KSL) stiller til husdyrprodusentane med omsyn til bruk av medisinar i besetninga. Veterinæren har ansvar for at dei som skal medisinerer dyr, får god nok opplæring når det blir inngått medisineringsavtale. Opplæringa skal dokumenterast.

§ Krav

KSL-medisinstandard	Bransjekrav
---------------------	-------------

9.6.7 Veterinæren rapporterer alle behandlingar. Rapporterer du alle eigenbehandlingar, slik at slakteriet har tilgang til matkjedeinformasjon frå besetninga di 24 timar før slakting?

Slakteriet skal ha tilgang på matkjedeinformasjon frå besetninga 24 timar før slakting for å kunne planleggje slakting og kjøttkontroll. Opplysningar om besetninga og om helsetilstanden til dei aktuelle dyra er sentral matkjedeinformasjon. Som dyreeigar har du formelt ansvaret for å skaffe denne informasjonen, men dataflyten i husdyrnæringa er bygd opp slik at slakteriet har tilgang på relevante opplysningar også frå andre kjelder.

Slik oppfyller du kravet

Du oppfyller kravet om å gje informasjon om besetninga dersom du følgjer desse rutinane:

- Du melder alltid frå til Mattilsynet når du har mistanke om alvorleg smittsam dyresjukdom.
- Besetninga deltek i kontrollprogramma for salmonella og *Campylobacter*.
- Besetninga deltek i produksjonskontroll, og du registrerer data kontinuerleg.
- Du dokumenterer veterinærbesøk i HelseFjørfe.
- Du melder frå til slakteriet 24 timar før transport/slakting dersom det er særlege forhold ved flokken si helse som kan ha noko å seie for slaktinga.

§ Krav

Animaliehygieneforskriften	Lovkrav
----------------------------	---------

9.6.8 Melder du frå til eggpakkeriet/slakteriet om eventuelle tilbakehaldingsfristar dersom dyra er medisinererte?

Du må varsle eggpakkeriet/slakteriet dersom dyra blir medisinererte. Dette er for å hindre at egg og fjørfekjøtt med medisinstoff kjem ut på marknaden.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.6.9 Tek du salmonellaprøver i samsvar med forskrifta?

Det er ulike reglar for salmonellaprøver avhengig av om det dreiar seg om verpehøner, slaktefjørfe, eller unghøner.

Verpehøner:

Ifølgje *forskrift om kontroll med salmonella i fjørfe* skal ein ta salmonellaprøver av verpehøner kvar 15. veke. Har du frittgåande høner, skal du bruke svabersokkar (2 par). Har du høner i bur, skal du ta avføringsprøve (150 g).

Slaktefjørfe:

Ifølgje *forskrift om kontroll med salmonella i fjørfe* skal ein ta salmonellaprøver av slaktefjørfe 10–19 dagar før dei blir slakta. Resultata må vere klare før dyra kan slaktast. Du skal bruke svabersokkar (2 par) når du tek prøver. Dette gjeld alt fjørfe som går til kjøttproduksjon.

Unghøner:

Ifølgje *forskrift om kontroll med salmonella i fjørfe* skal ein ta salmonellaprøver av unghøner to veker før dei blir flytta. Har du frittgåande høner, skal du bruke svabersokkar (2 par). Har du høner i bur, skal du ta avføringsprøve (150 g).

§ Krav

Forskrift om kontroll med Salmonella i fjørfe	Lovkrav
---	---------



9.6.10 Har du teikna avtale med veterinær om helseovervaking i besetninga?

Når du har ei kommersiell fjørfebesetning, skal du ha skriftleg avtale med veterinær om helseovervaking av besetninga. Føremålet er å bevare den gode fjørfehelsa vi har i Noreg og å sikre trygg mat og god dyrevelferd.

Avtalen skal minst innehalde krav om at veterinæren kjem på regelmessige besøk for å kontrollere helsa i besetninga, og krav om at du tek kontakt med veterinæren ved teikn på sjukdom, klare produksjonsavvik, åtferdsproblem eller auka dødelegheit. Veterinæren skal setje opp avtalen i fagsystemet HelseFjørfe (helsefjorfe.animalia.no).

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Dyrevelferdsprogram verpehøns	Bransjekrav

9.7 EGGPRODUKSJON

9.7.1 Blir egga samla dagleg, sorterte og pakka i samsvar med krava frå eggpakkeriet og straks overførte til eit kjølerom?

Egg skal samlast inn minst éin gong om dagen og raskt leggjast til oppbevaring i kjølerom. I kjølerommet skal det vere 8–12 °C og 75–80 % luftfukt. Dette er viktig for at egga skal halde god kvalitet. Egg som er lagde feil, skal plukkast regelmessig. Berre egg som er samla inn dagleg, kan leverast til eggpakkeri.

Du må følgje retningslinjer frå eggpakkeriet for korleis egga skal handterast og merkast.

Egga skal oppbevarast utan direkte sollys. Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

Rugeeggprodusentar skal følgje krava frå rugeriet til handtering og lagring av egg.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.7.2 Følgjer du bransjen sine retningslinjer viss du vaskar egg?

Viss du vaskar egg, må du følgje retningslinjene. Dei er omtalt på plakaten *Egg – et unikt næringsmiddel. Hvordan opprettholde kvaliteten (animalia.no)*.

Når du vaskar egg, er det mellom anna viktig å overhalde krava til vasketid, vasketemperatur og dosering av vaskemiddel (pH). Følg brukarretteleinga for vaskemiddelet. Hugs at egg berre skal vaskast éin gong.

§ Krav

Bransjestandard vasking av egg	Bransjekrav
--------------------------------	-------------

9.7.3 Blir egga lagra i eggkamer ved ein temperatur på 8–12 °C?

Egg skal samlast inn minst éin gong om dagen og raskt leggjast til oppbevaring i kjølerom. I kjølerommet skal det vere 8–12 °C og 75–80 % luftfukt. Dette er viktig for at egga skal halde god kvalitet. Egg som er lagde feil, skal plukkast regelmessig. Berre egg som er samla inn dagleg, kan leverast til eggpakkeri.

Du må følgje retningslinjer frå eggpakkeriet for korleis egga skal handterast og merkast.

Egga skal oppbevarast utan direkte sollys. Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

Rugeeggprodusentar skal følgje krava frå rugeriet til handtering og lagring av egg.

9.7.4 Oppbevarer du tom eggemballasje tørt, luktfritt og best mogleg sikra mot skadedyr og insekt?

Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

9.7.5 Er eggkameret laga av materialar som ikkje set lukt eller smak på egga?

Du må følgje retningslinjer frå eggpakkeriet for korleis egga skal handterast og merkast.

Egga skal oppbevarast utan direkte sollys. Emballasjen skal vere ny, vaska og frysebehandla eller varmebehandla. Emballasjen må i tillegg verne egga mot støyt. Egg kan lett ta smak eller lukt frå andre varer.

Rugeeggprodusentar skal følgje krava frå rugeriet til handtering og lagring av egg.

9.7.6 Er det berre egg og eggemballasje som blir oppbevart på eggkameret?

9.7.7 Har eggkameret rampe med eigen inngang for eggtransportøren?

Det er viktig å sikre at eventuell smitte frå andre gardar ikkje kjem inn i fjørføhuset. Eit viktig tiltak er å ha ein eigen inngang for eggtransportøren. Rampen skal haldast rein, og det må vere mogleg å desinfisere han.

9.7.8 Sikrar du at egg frå frittgåande høner og egg frå høner i innreidde bur ikkje blir blanda?

Forbrukarane skal kunne vere sikre på at egga er produserte slik ein i marknadsføringa hevdar at dei er produserte. Dersom du har eggproduksjon både i innreidde bur og i eit system for frittgåande høns, er det viktig at du har rutinar som sikrar at egga ikkje blir blanda saman.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



9.7.9 Er rutinane i punkt 9.7.8 dokumenterte og godkjende av ein som er kvalitetsansvarleg ved eggpakkeriet?

Forbrukarane skal kunne vere sikre på at egga er produserte slik ein i marknadsføringa hevdar at dei er produserte. Dersom du har eggproduksjon både i innreidde bur og i eit system for frittgåande høns, er det viktig at du har rutinar som sikrar at egga ikkje blir blanda saman.



9.7.10 Viss du sel rugeegg – er verksemda sertifisert?

Viss du sel rugeegg, skal verksemda vere sertifisert av Mattilsynet.

§ Krav

Forskrift om sertifisering av fjørfevirksomhet	Lovkrav
--	---------

9.7.11 Etterfyller du strøbada i innreidde bur?

I innreidde bur skal hønene ha tilgang på strøbad som stimulerer til å hakke, skrape og sandbade. Strøbadet skal vere tilgjengeleg i størst mogleg del av perioden når dyra har lys. Det er viktig for velferda til dyra, og det bidreg til å halde fjørdrakta i god stand gjennom innsettet.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------



9.7.12 Dokumenterer du tidspunktet for etterfylling av strø og tidspunktet for opning og lukking av strøbad i innreidde bur?



9.7.13 Passar du på å få deklarasjonar for unghønene du tek imot, og lagrar du desse i minst to år?

Som eggprodusent skal du lagre deklarasjon for unghønene du tek imot. Du skal oppbevare opplysningane i minst to år og leggje dei fram når Mattilsynet ber om det.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

9.7.14 Gjer du noko for å sysselsetje frittgåande høner, slik at du førebyggjer åtferdsproblem?

Høner utforskar ved å hakke. For å hindre at hønene plukkar fjør av kvarandre eller utviklar andre åtferdsproblem, som hysteri og kannibalisme, må du syte for at hønene har nok å ta seg til. Du kan sysselsetje hønene med laust materiale som dei kan hakke, plukke og ete på. Dette kan du ordne ved å dele ut halm, høy, nytt strø, kråsstein, skjelsand og/eller heilt korn regelmessig. Også i innreidde bur er det viktig at strøet har eigenskapar som gjer at hønene får dekt hakkebehovet sitt. Det å bevare ei god fjørdrakt i flokken er viktig for dyrevelferda og for å halde eit lågt fôrforbruk.

§ Krav

Lov om dyrevelferd	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.7.15 Overvaker du blodmiddsituasjonen ved å ta middprøver og sende dei inn til Animalia for kontroll minst éin gong per innsett?

Blodmidd går ut over velferda til hønene, og kan vere plagsamt for røktaren. For å minske omfanget av, og helst fjerne, midten må du setje i verk koordinerte tiltak i heile verdikjeda. Viss du er oppalar eller eggprodusent, skal du overvake blodmiddsituasjonen. Animalia har eit gratis overvåkingsprogram der ein kan bruke feller for å påvise midd. Ring Animalia på telefon 23 05 98 00, eller send e-post til fjorfe@animalia.no.

§ Krav

Middprogrammet	Bransjekrav
----------------	-------------

9.7.16 Har du sett i verk tiltak for å redusere eventuelle problem med blodmidd?

Viss du er eggprodusent og får påvist blodmidd i besetninga di, må du informere eggpakkeriet så raskt som mogleg. Deretter må du i samråd med veterinæren for besetninga eller fagkonsulenten til varemottakaren setje i verk tiltak for å redusere talet på midd til eit minimum. Dette er for å hindre spreiring av blodmidden.

§ Krav

Middprogrammet	Bransjekrav
----------------	-------------

9.8 VERPEHØNER SOM BLIR AVLIVA PÅ GARDEN

9.8.1 Varslar du Mattilsynet på førehand om verpehønene skal avlivast med gassing i huset?

Du skal varsle Mattilsynet minst éi veke på førehand dersom det skal avlivast verpehøner på garden ved gassing i huset. Du må følgje eventuelle pålegg frå Mattilsynet. Ved gassavliving i container treng du ikkje varsle Mattilsynet.

Sjå meir om avliving av fjørfe hos animalia.no.

§ Krav

Forskrift om avliving av dyr	Lovkrav
Avliving av fjørfe ved hjelp av CO2 i fjørfehus	Lovkrav

9.8.2 Har dyra tilgang til fôr og vatn heilt fram til dei blir plukka?

Dyra skal ha tilgang til fôr og vatn av omsyn til dyrevelferda.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.8.3 Sikrar du at dyra blir plukka og bore skånsamt, og har du eller ein annan med ansvar for dyra oppsyn under plukkinga?

Dyra skal handterast skånsamt av omsyn til dyrevelferda. Du som eigar, eventuelt den som røktar dyra for deg, har ansvar for å gje opplæring i korleis ein handterer dyra riktig. *Forskrift om hold av høns og kalkun* (§ 5) slår fast at alle som tek del i den daglege drifta av dyrehaldet skal kunne handtere og stille dyra på ein måte som sikrar god dyrevelferd. Dei skal òg kunne kjenne att teikn på dårleg dyrevelferd, og setje i verk tiltak der det er nødvendig. Fjørfe skal ikkje berast i eitt bein.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.8.4 Blir dyra avliva av ein kyndig person?

Avlivinga skal gjerast effektiv og humant og på ein slik måte at dyra ikkje blir påført unødig liding, frykt eller andre former for stress. Dyra skal bedøvast før dei blir avliva, og avlivinga skal utførast av ein person som er kyndig i avliving.

Opplæring i avliving skal gjevast av ein som kan avlive dyr på ein forskriftsmessig måte. Dette gjeld likevel ikkje når det er nødvendig å avlive sjuke eller skadde dyr straks og det ikkje er forsvarleg å utsetje avlivinga for å vente på nokon som er kyndige i avliving.

Når ein heil flokk skal avlivast, er gassing med CO₂ – anten i container eller i huset – mest aktuelt. Viss du bruker gass, må du passe på at gasskonsentrasjonen er rett. Gassing i hus skal skje i samsvar med prosedyren for *avliving av fjørfe ved hjelp av CO₂ i fjørfehus* frå Animalia.

Halsdislokasjon og slag mot hovudet skal ikkje nyttast rutinemessig. Det skal ein berre gjere om ein ikkje har andre bedøvningsmetodar tilgjengeleg, og ein skal aldri avlive meir enn 70 dyr per dag på denne måten. Den som står for avlivinga, skal forsikre seg om at kvart einskilt dyr er dautt.

Den som bedøver og avlivar fjørfe som ein del av næringsverksemda si, skal vere registrert hos Mattilsynet.

§ Krav

Lov om dyrevelferd	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Forskrift om avliving av dyr	Lovkrav
Avliving av fjørfe ved hjelp av CO ₂ i fjørfehus	Lovkrav

9.8.5 Blir kadavera leverte til eit godkjent mottak?

Kadavera skal leverast til eit godkjent mottak. Daude dyr skal du oppbevare mellombels nedkjølte eller frosne på ein eigna stad isolert frå dyrerom og eggkamer. Det er etablert ordningar for å samle inn fjørfekadaver. Når du leverer fjørfekadaver, må dyra vere fryste ned. Kontakt eggpakeri/slakteri for å få ei oversikt over kven du kan kontakte i ditt område. Viss du bruker forbrenningsomnar til å handtere dyrekadaver, må du ha godkjenning frå Mattilsynet. Det er i utgangspunktet ikkje tillate å grave ned kadaver. Mattilsynet kan likevel i særskilte tilfelle tillate at ein grev ned kadaver. Mattilsynet skal i slike tilfelle fortelje korleis ein skal gjere dette.

§ Krav

Animaliebiproduktforskriften	Lovkrav
------------------------------	---------

9.9 LEVERING AV DYR TIL SLAKTERIET, OG LEVERING AV UNGHØNER

9.9.1 Har dyra tilgang til vatn heilt fram til plukkinga startar?

Dyra skal ha tilgang på vatn heilt fram til dei blir plukka, av omsyn til dyrevelferd, slakteutbytte og slaktekvalitet.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.9.2 Er dyra utan fôr minimum 6 og maksimum 12 timar før slaktinga startar?

Ved å ta fôret frå dyra oppnår vi at tarmen er tilstrekkeleg tømt før slakting. Det gjev betre slaktehygiene. Av omsyn til dyrevelferda skal det likevel ikkje gå for lang tid frå ein fjernar fôret, til dyra blir slakta.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.9.3 Er det mogleg å blende porten og andre større lysopningar slik at det er mørkt nok i dyrerommet når dyra skal plukkast?

Dyra blir rolegare dersom du dempar lyset eller bruker blått lys. For å hindre at dagslys øydelegg denne effekten, bør du blende rundt portopningar og liknande.

9.9.4 Sikrar du at dyra blir plukka og bore skånsamt, og har du eller ein annan med ansvar for dyra oppsyn under plukkinga?

Dyra skal handterast skånsamt av omsyn til dyrevelferda. Korleis ein handterer dyra, kan òg påverke produktkvaliteten. Du som eigar, eventuelt den som røktar dyra for deg, har ansvar for å gje opplæring i korleis ein handterer dyra riktig.

Forskrift om hold av høns og kalkun (§ 5) slår fast at alle som tek del i den daglege drifta av dyrehaldet skal kunne handtere og stelle dyra på ein måte som sikrar god dyrevelferd. Dei skal òg kunne kjenne att teikn på dårleg dyrevelferd, og setje i verk tiltak der det er nødvendig. Fjørfe skal ikkje berast i eitt bein.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.9.5 Får personellet opplæring i riktig handtering av dyr?

Dyra skal handterast skånsamt av omsyn til dyrevelferda. Korleis ein handterer dyra, kan òg påverke produktkvaliteten. Du som eigar, eventuelt den som røktar dyra for deg, har ansvar for å gje opplæring i korleis ein handterer dyra riktig.

Forskrift om hold av høns og kalkun (§ 5) slår fast at alle som tek del i den daglege drifta av dyrehaldet skal kunne handtere og stelle dyra på ein måte som sikrar god dyrevelferd. Dei skal òg kunne kjenne att teikn på dårleg dyrevelferd, og setje i verk tiltak der det er nødvendig. Fjørfe skal ikkje berast i eitt bein.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.10 OPPAL AV UNGHØNER OG/ELLER UNGKALKUN



9.10.1 Er verksemda sertifisert?

Viss du sel levande fjørfe og/eller rugeegg, skal verksemda vere sertifisert av Mattilsynet. Dersom du alar opp fjørfe eller produserer egg til bruk i eiga verksemd, treng du ikkje sertifisering.

§ Krav

Forskrift om sertifisering av fjørfevirksomheter	Lovkrav
--	---------



9.10.2 Registrerer du vektutviklinga til dyra?

9.10.3 Gjer du noko for å sysselsetje frittgåande høner, slik at du førebyggjer åtferdsproblem?

Høner utforskar ved å hakke. For å hindre at hønene plukkar fjør av kvarandre eller utviklar andre åtferdsproblem, som hysteri og kannibalisme, må du syte for at hønene har nok å ta seg til. Du kan sysselsetje hønene med laust materiale som dei kan hakke, plukke og ete på. Dette kan du ordne ved å dele ut halm, hø, nytt strø, kråsstein, skjelsand og/eller heilt korn regelmessig. Også i innreidde bur er det viktig at strøet har eigenskapar som gjer at hønene får dekt hakkebehovet sitt. Det å bevare ei god fjørdrakt i flokken er viktig for dyrevelferda og for å halde eit lågt fôrforbruk.

§ Krav

Lov om dyrevelferd	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.10.4 Overvaker du blodmidsituasjonen ved å ta middprøver og sende dei inn til Animalia for kontroll minst éin gong per innsett?

Blodmidd går ut over velferda til hønene, og kan vere plagsamt for røktaren. For å minske omfanget av, og helst fjerne, midten må du setje i verk koordinerte tiltak i heile verdikjeda. Viss du er oppalar eller eggprodusent, skal du overvake blodmidsituasjonen. Animalia har eit gratis overvåkingsprogram der ein kan bruke feller for å påvise midd. Ring Animalia på telefon 23 05 98 00, eller send e-post til fjorfe@animalia.no.

§ Krav

Middprogrammet	Bransjekrav
----------------	-------------

9.10.5 Har du sett i verk tiltak for å redusere eventuelle problem med blodmidd?

Viss du er oppalar og får påvist blodmidd i besetninga di, må du informere eggprodusenten så raskt som mogleg. Deretter må du i samråd med veterinæren for besetninga eller fagkonsulenten til varemottakaren setje i verk tiltak for å redusere talet på midd til eit minimum. Dette er for å hindre spreiring av blodmidd.

§ Krav

Middprogrammet	Bransjekrav
----------------	-------------

9.10.6 Informerer du eggprodusenten så tidleg som mogleg dersom du får påvist blodmidd?

Viss du er oppalar og får påvist blodmidd i besetninga di, må du informere eggprodusenten så raskt som mogleg. Deretter må du i samråd med veterinæren for besetninga eller fagkonsulenten til varemottakaren setje i verk tiltak for å redusere talet på midd til eit minimum. Dette er for å hindre spreiring av blodmidd.

9.10.7 Når du skal levere høner til ein eggprodusent: Gjev du eggprodusenten råd om korleis tilhøva skal leggjast til rette for at overgangen skal bli så gunstig som mogleg for hønene, og gjer du det i så fall minst éi veke før leveringsdagen?

Når du skal levere høner til ein eggprodusent, skal du minst éi veke før leveringsdagen gje eggprodusenten råd om korleis tilhøva skal leggjast til rette for at overgangen skal bli så gunstig som mogleg for hønene. Då må du minimum informere om fôr og temperatur i huset, og i tillegg fortelje om eventuelle avvik utover det normale.

9.10.8 Leverer du unghøner med deklarasjon?

Seinast når du leverer hønene, skal du gje eggprodusenten ein deklarasjon om hønene. Deklarasjonen skal opplyse om desse forholda ved oppalinga:

- daglengd
- lysstyrke
- dyretype
- talet på dyr
- klekkedato
- dødelegheit i oppalet
- eventuell koksidiøsebehandling eller annan medisinsk behandling
- utførte vaksinasjonar
- salmonellaprøver i samsvar med forskrift
- blodmiddstatus
- gjennomsnittleg vekt og kor jamn flokken er i vekt (det vil seie del av hønene som er innanfor +/- 10 prosent av gjennomsnittleg vekt) i aldersperiodane 4–8 veker og 13–16 veker.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.10.9 Når du inngår salskontrakt med eggprodusenten – gjev du ei erklæring i kontrakten om at hønene har same alder og er ala opp hos deg?

I salskontrakten mellom deg og eggprodusenten skal du gje denne erklæringa om hønene: «Oppalaren garanterer at dei x tal leverte hønene har same alder og er ala opp hos underteikna.»

9.10.10 Melder du frå til eggprodusenten så tidleg som mogleg viss du ikkje kan overhalde erklæringa som er omtalt i punkt 9.10.9?

Dersom du ikkje kan overhalde erklæringa som er nemnt ovanfor (9.10.9) (det vil seie viss du leverer suppleringshøner som ikkje er frå eige oppal, eller viss du leverer høner med ein annan alder), skal du informere eggprodusenten så tidleg som mogleg. Eventuelle suppleringshøner må du levere med ein eigen deklarasjon.

9.10.11 Fører du journal over høner som du leverer frå deg, og lagrar du opplysningane i minst to år?

Når du sel eller gjev bort fjørfe, skal du føre journal som inneheld namn og adresser til sendarar og mottakarar, kor mange dyr som blei flytta, og når dei blei flytta. Du skal oppbevare opplysningane i minst to år og leggje dei fram når Mattilsynet ber om det.

§ Krav

Forskrift om sertifisering av fjørfevirksomhet	Lovkrav
--	---------

9.11 SLAKTEKYLLINGPRODUKSJON



9.11.1 Har du teke kurs i dyrevelferd for slaktekyllingproduksjonen?

Når du held slaktekylling, skal du ha gjennomgått kurs i dyrevelferd for denne driftsforma.

Innhaldet i kurset skal dekkje krava i *forskrift om hold av høns og kalkun*.

Mattilsynet har godkjent Nortura sin fjørfeskule og kompetanseskulen til Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF) til dette føremålet.

På animalia.no finn du meir informasjon om helse og velferd for slaktekylling.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
Helse og velferd hos slaktekylling	Bransjekrav



9.11.2 Registrerer du nødvendige produksjonsdata i ein produksjonskontroll?

Du må kontinuerleg registrere nødvendige produksjonsdata i ein produksjonskontroll som er levert og godkjend av Nortura eller av Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF).

9.11.3 Er lysstyrken minst 20 lux på 80 prosent av arealet som dyra har tilgang til?

I rom der du har slaktekylling, skal lysstyrken målt i augehøgda til dyra vere minst 20 lux på 80 prosent av arealet som dyra har tilgang til. Du har berre lov til å dempe lyset utover dette dersom ein veterinær tilrår det.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.11.4 Sikrar du at husdyr på beite ikkje går inntil veggene på fjørfehuset?

Husdyr, kjæledyr, fuglar og andre ville dyr kan vere friske berarar av *Campylobacter*. Du bør difor syte for at husdyr på beite held seg meir enn 50 meter unna fjørfehuset.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



9.11.5 Registrerer du vektutviklinga til dyra?

9.11.6 Bruker du berre fôr utan koksidiostatika i dei siste dagane før slakting?

Dersom du gjev dyra fôr som inneheld koksidiostatika, skal du i dei siste dagane før dyra skal slaktast føre dem med slutfôr utan koksidiostatika. Kor mange dagar du skal gjere dette, kan variere med typen koksidiostatikum; sjå kva som står i innleggssetelen.

Fôrar du med slutfôr frå silo, er det på bestemte vilkår. For det første må du ha minst to fôrsiloar, og siloen som du skal bruke til slutfôr, må vere tømt for anna fôr før du blæs inn slutfôret. For det andre må fôringsanlegget, inkludert dagtank, skruar, skåler og renner, vere tomt før du køyrer slutfôr inn i huset. Dette er viktig for å sikre at det ikkje finst koksidiostatika i slutfôret.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------



9.11.7 Noterer du tidspunktet når du startar med slutfôring, i daglistene?

Dersom du bruker fôr med koksidiostatika, skal du notere tidspunktet når du startar med slutfôring, i daglister. Det er for at du seinare skal kunne dokumentere tidspunktet.

9.11.8 Tek du *Campylobacter*-prøver i samsvar med retningslinjene?

Alle flokkar av slaktekylling som du slaktar til og med dei er 50 dagar gamle, skal undersøkjast for *Campylobacter* før slakting ifølgje handlingsplanen mot *Campylobacter*. Du må ta prøver i besetninga maksimalt fire dagar før dyra skal slaktast, og resultatet av prøva skal vere klart før slaktinga. Prøvene tek du med svaberpinnar.

§ Krav

Handlingsplan mot <i>Campylobacter</i>	Lovkrav
Forskrift om kontroll av <i>Salmonella</i> mv.	Lovkrav



9.11.9 Har du hatt veterinær på helseovervakingsbesøk i løpet av det siste året?

Dersom du er slaktekyllingprodusent og deltek i *Dyrevelferdsprogram slaktekylling*, skal du ha veterinær på helseovervakingsbesøk to gongar i året. Veterinæren skal journalføre besøka i HelseFjørfe. Som produsent kan du òg gå inn i HelseFjørfe og lese din eigen journal.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

 **9.11.10 Slaktekylling ved produksjonstettleik over 33 kg pr. m²: Finst det oppdatert dokumentasjon som beskriv hus og utstyr i detalj?**

Dersom du skal produsere slaktekylling med tettleik over 33 kg per m², skal du alltid ha oppdatert dokumentasjon som detaljert skildrar hus og utstyr. Dokumentasjonen skal innehalde

- husplan med storleiken på arealet som dyra har tilgang til
- informasjon om type strø
- ventilasjonsplan med styringsverdiar og tekniske opplysningar
- informasjon om fôrings- og vatningsanlegg
- informasjon om alarm- og backupsystem

Du skal dokumentere at det er gjennomført teknisk inspeksjon av ventilasjons- og alarmanlegget.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.11.11 For deg som produserer slaktekylling med tettleik over 33 kg per m²: Sikrar du at du overheld krava som gjeld ammoniakk, karbondioksid, temperatur og luftfukt?

Dersom du produserer slaktekylling med tettleik over 33 kg per m², må du forsikre deg om at kvart einskild hus er utstyrt med ventilasjonsanlegg og varme- eller kjølesystem om nødvendig. Dette skal sikre

- at konsentrasjonen av ammoniakk (NH₃) ikkje overstig 20 ppm og konsentrasjonen av karbondioksid (CO₂) ikkje overstig 3000 ppm målt i høgde med hovuda til kyllingane
- at temperaturen i dyrerommet ikkje overstig utetemperaturen med meir enn 3 °C når utetemperaturen målt i skuggen er meir enn 30 °C
- at gjennomsnittleg relativ luftfukt målt inne i husdyrrommet gjennom 48 timar ikkje overstig 70 prosent når utetemperaturen er under 10 °C

Du kan sikre at gasskonsentrasjonane ikkje blir for høge, ved å ha eit ventilasjonsanlegg som er korrekt dimensjonert, og som du i tillegg held ved like og driftar slik du bør. Det er fornuftig kontrollmåle med jamne mellomrom, for å kontrollere at ventilasjonsanlegget er dimensjonert og innstilt slik at luftkvaliteten blir rett. Det kan vere fornuftig å inngå ein vedlikehaldsavtale med ein leverandør av ventilasjonsanlegg.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.12 KALKUNPRODUKSJON

 **9.12.1 Registrerer du nødvendige produksjonsdata i ein produksjonskontroll?**

Du må kontinuerleg registrere nødvendige produksjonsdata i ein produksjonskontroll som er levert og godkjend av Nortura eller av Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF).

9.12.2 Sikrar du at husdyr på beite ikkje går inntil veggene på fjørfehuset?

Husdyr, kjæledyr, fuglar og andre ville dyr kan vere friske berarar av *Campylobacter*. Du bør difor syte for at husdyr på beite held seg meir enn 50 meter unna fjørfehuset.

 **9.12.3 Registrerer du vektutviklinga til dyra?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.12.4 Bruker du berre fôr utan koksidiostatika i dei siste dagane før slakting?

Dersom du gjev dyra fôr som inneheld koksidiostatika, skal du i dei siste dagane før dyra skal slaktast føre dem med slutfôr utan koksidiostatika. Kor mange dagar du skal gjere dette, kan variere med typen koksidiostatikum; sjå kva som står i innleggssetelen.

Fôrar du med slutfôr frå silo, er det på bestemte vilkår. For det første må du ha minst to fôrsiloar, og siloen som du skal bruke til slutfôr, må vere tømt for anna fôr før du blæs inn slutfôret. For det andre må fôringsanlegget, inkludert dagtank, skruar, skåler og renner, vere tomt før du køyrer slutfôr inn i huset. Dette er viktig for å sikre at det ikkje finst koksidiostatika i slutfôret.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------



9.12.5 Noterer du tidspunktet når du startar med slutfôring, i daglistene?

Dersom du bruker fôr med koksidiostatika, skal du notere tidspunktet når du startar med slutfôring, i daglister. Det er for at du seinare skal kunne dokumentere tidspunktet.



9.12.6 Har du hatt veterinær på helseovervakingsbesøk i løpet av det siste året?

Dersom du er kalkunprodusent og deltek i *Dyrevelferdsprogram kalkun*, skal du ha veterinær på helseovervakingsbesøk to gongar i året. Veterinæren skal journalføre besøka i HelseFjørfe. Som produsent kan du òg gå inn i HelseFjørfe og lese din eigen journal.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.13 ALARMSYSTEM, NØDLØYSINGAR OG BRANNVERN

9.13.1 Har fjørfehuset alarm som varslar straumbrot og for høg eller for låg temperatur?

Når det er mange dyr i huset på ein varm sommardag, kan eit straumbrot få fatale følgjer. For å hindre slike uhell er du nøydd til å ha ein alarm som du funksjonstestar jamleg. Alarmsystemet skal vere slik at alarmen kan oppfattast av personar som veit kva for tiltak dei skal setje i verk.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.13.2 Kontrollerer du alarmen etter behov og minst ein gong i veka?

Når det er mange dyr i huset på ein varm sommardag, kan eit straumbrot få fatale følgjer. For å hindre slike uhell er du nøydd til å ha ein alarm som du funksjonstestar jamleg. Alarmsystemet skal vere slik at alarmen kan oppfattast av personar som veit kva for tiltak dei skal setje i verk.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

9.13.3 For deg som driv med slaktekylling, kalkun eller oppal av unghøner: Har du ein plan for funksjonstesting av nødstraumsaggregat?

Det meste i eit moderne fjørfehus er avhengig av straum. Eit straumbrot er ein kritisk situasjon som krev at du har nødaggregat. For å sikre at dette startar med ein gong, må du teste det jamleg.

Forskrift om hold av høns og kalkun seier mellom anna dette:

«Alle tekniske innretningar som har betydning for dyras velferd skal kontrolleres minst en gang daglig. Oppdages feil eller mangler skal disse straks rettes. Hvis dette ikke er mulig, skal nødvendige tiltak iverksettes for å beskytte dyra inntil utbedringer er foretatt. Dersom driften er avhengig av strøm for å ivareta dyras behov på en forsvarlig måte, skal det være tilgang på strømaggregat ved strøbrudd.»

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

9.13.4 Er det rutinar på garden som sikrar at dyra får dekt behova sine viss det er straumbrot eller ein stopp i den ordinære vasstilførselen?

Viss det er straumbrot eller ein stopp i vasstilførselen har du kort tid på deg til å sikre at dyra får dekt behova sine. Du bør difor ha tenkt igjennom på førehand korleis du vil løyse situasjonen dersom straumen går eller vassforsyninga blir borte.

§ Krav

Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav
-------------------------------------	---------

	Svar	
Ja	Nei	Ikke aktuelt